

Gründerboom på Bergom


På ei tid i Noreg med fattigdom og armod, ei tid da familie etter familie vart tvinga til å reise frå bygdene og søkje lykka på andre kontinent, kom det stadig nye etableringar på Fossbergom. Varehandel frå faste handelsstader skaut fart.

Det var mykje naud og vanskeleg å få tak i jord for det stadig aukande folketalet i bygdene. Talet på husmenn var dobbla i løpet av fyrste halvdel av 1800-talet. Jordbruket var på veg frå sjølvhushald til salgsjordbruk og konkurranse frå utlandet gjorde seg sterkt gjeldand. Eit meir effektivt jordbruk med betre reiskap gjorde arbeidskraft overflødig.

I løpet av 1890-åra reiste det ikkje mindre enn 630 personar frå Lom til land utanfor Europa. I løpet av tretti år reiste det i alt om lag 1800 personar frå Lomsbygda – dei aller fleste til Amerika og Canada. I tillegg kjem altså alle dei som reiste til andre stadar i Europa og til Østerdalen, Trøndelagen og ikkje minst Troms. Tilsvarende utvikling var det i dei andre Ottadalskommunane.

Ei veldig utvikling i 1890-åra

Samtidig med denne armoden gjekk det føre seg ei veldig utvikling innan varehandelen på Bergom. I løpet av dei siste ti-åra av 1900-talet vart det etablert butikk etter butikk i tillegg til alt det andre som vart starta opp av andre slags bedrifter.



«Rundkøyninga» på Bergom etter den svært aktive gründerperioden mot slutten av 1800-talet. Til venstre Eirikbyggnaden og bak til høgre er Th. Garmo forlengst i gang med handel. I Søre Fosstugu nede til venstre var kafeen ein viktig samlingsstad på Bergom. Seinare vart dette bygget kjøpt av Skaansarbrørne som brukte området både til sag, mølle, smie og kraftverk. I det vesle bygget midt på bildet til høgre, som vart kalla Kreta, dreiv Anna Tofte «almindelig landhandel» i to år frå 1900. Ho fløtte da handelen sin til Skjåk.



Eit ikkje så kjent bilde frå Fossbergom rundt århundreskiftet. Fossheim til venstre, Nordal, Eiriksbygningen med Torjerbue og Fossberg bak. Heil til høgre står Gamlekoopen, det som da vart kalla Nilsbue. Det lange bygget framfor Fossberg var eldhus og pakkbu til Erik Andvord og det store bygget bak er Foreiningsbyggnaden der Lom Handelsforeing dreiv butikk fram til 1898, da Lom kommune overtok

Vanskeleg å sjå for seg

Det er vanskeleg å sjå for seg korleis det kunne vere å starte opp og drive ein landhandel på slutten av 1800-talet. Det var ikkje «berre» å send epost eller kommunisere via Altinn den gongen. Loms telefonselskap vart stifta i 1893 og Erik Andvord, den fyrste som fekk handelsbrev på Fossbergom, teikna ein



Kristian Stakston fotograferte Bergomsgarden rundt 1910. Erik Andvord hadde da fløtt og modernisert inngangen på Eirikbyggnaden. Th. Garmo var i full drift.



Lom handelsforening vart registrert i 1874 og fløtte handelen frå Andvord til «Fossberget» i 1877. Lom kommune kjøpte seinare bygget.

aksje i selskapet. Det vart da bestemt at «telefon søges anlagt fra Vaage Grændse til Røisheim». Andvord var seinare aktiv i Loms Telefonselskab både som kasserar og som styremedlem. Da Lom telefonselskab vart stifta i 1893, hadde Andvord altså drive handel på Bergom i over fem år og såg heilt sikkert stor nytte i eit meir effektivt kommunikasjonsmiddel. Før telefonen gjorde sitt inntog, var det posten som var einaste alternativ. Eller å ta turen til Kristiania. Landposttenesta kom i 1885.

Byråkrati også den gongen

Byråkratiet gjorde det nok ikkje enkelt å starte med landhadleri. Det var stor skilnad på handel i byane og på landet. Frå heilt attende til på 1200-talet måtte kjøpmennene selje varene sine i byane. Ikkje før midt på 1800-talet vart dette lempa på og det kunne drivast ein viss handel i ein viss avstand frå byane. Det kunne framleis ikkje opprettast faste utsalgsstader. Bakgrunnen for desse skilnadene var redselen for at land-distrikta skulle oversvømmast med «flitter og tant» og «bortdrage ånden fra landsmannens naturlige sysler til handel og bytte».

Ikkje før i 1857 vart kravet om kongeleg bevilling til landhandel oppheva. I staden skulle det utstedast handelsbrev av fogden/futen. Avstanden til byråkratiet vart dermed stuttare. Landhandlaren fekk nå lov til å drive handel frå faste utalgsstader også i bygdene og også med utanlandske varer som til dømes kaffe, sukker og tobakk. Ikkje før i 1874 vart skilnadene på landhandelsdrift mellom by og land fjerna heilt.

Eirikbyggnaden

Det er ikkje råd anna enn å bli imponert over det desse folka fekk til. Fyrst ute var Erik Andersen Andvord, som den 12. januar 1871 fekk tildelt handelsbrev i det da nyoppførte bygget på «Ulstad i Loms herred». Andvord handla der til H. K. Brimi overtok i 1911 «for kr. 40 000». Nils Haugen senior kjøpte eigeiendomen saman med Lars Kolden i 1924 for «kr. 35 000» og P. M. Glimsdal og seinare Andreas Holø dreiv handelen her fram til Nils Haugen junior overtok rett etter krigen og det har vore daglegvarehandel i bygninga ved Prestbrua heilt fram til «våre dagar».

I Foreiningsbyggnaden

Lom handelsforening var det einaste firmaet frå Lom som reagerte på den nye lova om handelsregistre i 1874. Det vart da oppgjeve handel med kolonial og manufaktur på Søndre Andvord i søknadspapira.

Den 10. april 1877 vart forretninga fløtt til «Fossberget» og dermed var det to butikkar på Fossbergom. Lom handelsforening opphøyrt driften i 1898. Kommunen kjøpte bygningane, som vart brukt til ymse kommunale føremål.

«Gamle-koopen»

Det var bakar Lars Eilevson Marstein Vike som festa tomten som seinare skulle bli Gamlekoopen på Ulstad gnr. 70/20. Dette var på den nedre del av Bergomsgarden, om lag der Kræmarhuset ligg i dag. Det skjedde i 1889. Marsten sjølv starta bakeri i Foreiningsbyggnaden.



huset og brukte det til ymse føremål. Bygget fremst i midten er Søre Fosstugu, som var ein viktig samlingsstad som kafe på Bergom. Foto frå Gudbrandsdalsmusea. Prestbrua var slik fram til ny bru kom i 1935. Fotografi tilhøyrer Fossheim.

Den fyrste som dreiv handel på «Gamle-koopen» var Rolf Mohn, som starta opp i april 1898. Dette varte ikkje meir enn eit halvår, og det vart opphør alt i desember det same året. Om det var Marsten eller Mohn som sette opp bygninga går ikkje heilt fram av kjeldene, men det måtte vere Mohn som eigde bygget ved opphjør. Marsten overtok bygget att i hard konkurranse med Lom og Skjåk sparebank, som også var på utkikk etter hus. Seinare dreiv både Tor Bu, Nils Agneberg og Anne Stoveland handel på Gamle-koopen før Lom Kooperative Handelslag vart registrert og starta handel her i 1921.

På Torjerbu'n

Heilt mot slutten av 1800-talet starta også Thorgeir Garmo å røre på seg når det galdt handel. Hus til hotell var alt innkjøpt frå Skjåk og hotelldrifta starta opp i 1897. I august 1898 leverte han inn «anmeldelse» om at han «akter at drive handel alene i Lom...». Th. Garmo hadde vore styrar på Lom handelsforening, som ikkje gjekk så godt i 1890-åra og sette opp eigen butikk på Nyvold ved Fossberg.

Kreta

Også i eit lite bygg på søre (austre) delen Fosstugutomta var det drive handel ei tid. Anna Tofte registrerte seg med «almindelig landhandel på Fossbergom i Lom» i 1900. I 1902 fløtte ho handelen sin til «Brobergene i Skjåk».



Th. Garmo og Embjørg Garmo med eldstebarnet Ragna Garmo (g. Klæboe) framfor Torjerbu'n midt i den travlaste gründertida på Bergom. Fotografert av Kristian Stakston i 1897, same året som Th. leverte inn «anmeldelse» om at han «akter at drive handel alene i Lom...» Da hadde han vore styrar på Lom handelsforening i fleire år. digitalmuseum.no

Handel på Krøkjebergom fyrst

Likevel var det ikkje på Fossbergom handelen i bygda starta fyrst. Ola T. Kvaale fortel i boka Lom Kooperative handelslag 1920–1970 om Eilev Oukrust/Aukrust og ein Halvor Rasmussen Flå/Krøge/Vamsæter, handla ei tid på Krøkjehaugen eller Krøkjebergom frå 1860–1862. Rekneskapsboka etter dei to syner at dei hadde om lag 25 kundar frå heile Bøverdalen og mange hadde pådrege

seg mykje skuld. Bøkene som fanst att etter handelen på Krøkjebergom syner forøvrig detaljert både kva for varer det var handla med og prisane på desse.

Fyrst ute med handel i det som blir kalla hovudsoknet var «gammel-kræmaren» Paul T. Fritsvold, som fekk handelsbrev i 1868 og dreiv handel på søndre Andvord. Det er likevel sansynleg at Fritsvold starta denne handelen på Andvord sist i 1850-åra, da dei to karane på Krøkjebergom litt



Innkøyringa til handelssenteret på Fossbergom tidleg på 1900-talet. På hesten frems sit Thorgeir Garmo. Saman med kona Embjørg starta han fyrst opp «Hotel Fosshiem og Skydsbefordring» og bygde og etablerte så butikk på Torjerbu'n frå 1898.

lengere opp i dalen ikkje hadde kundar frå «nedanfor Vekkje», som Kvaale skriv i jubileumboka til Koopen. Det er opplyst at Fritsvold også handla med «brænde-vin». Fritsvold kjøpte og fløtte til Nordigard Stamstad i 1868, bygde nye hus på garden og sette opp «kråmbue» med inngang direkte frå ferdselsvegen som gjell forbi.

I Garmo

I Garmo fortel handelsregisteret at Tosten Erlandsen Hestehagen fekk sitt hendelsbrev i 1868, samtidig med Fritsvold på Andvord, med handel i Hestehagen i Lom. Han handla truleg der frå rundt 1860 til 1891 da andre tok over. Knut Hamsun var «kråmgut» der eit par år i 1870-åra. I 1891 vart det registrert eit nytt firma i Garmo da Nils Hansen Sveine starta opp, også han i Hestehagen. Seinare dreiv Tor Bu handel i Hestehagen fram til 1903 og den siste som prøvde seg i Hesthagen var Bertel Grønen, med opphøyr i 1905. Bygninga i Hesthagen havna etter kvart på Bergom som bustad.

I 1891 kom det melding til Handelsregisteret om at «E. Garmo og Jon Frisvold» skulle drive alminneleg landhandel på Nedre Frisvold. E. Garmo trekte seg ut i 1903 og Jon [Jo] Ivarsson Frisvoll gjekk han i kompaniskap med Knut Torsteinsson Kjøk frå Skammestein i Valdres, som kom til Garmo fyrst på 1900-talet, om å drive

landhandel under namnet Frisvoll og Kjøk. Butikken låg da rett nedanfor Nørde Uppistugu Frisvoll. I 1900 overtok Jon skyss-stasjon og posten frå Uppigard Garmo, og bygde da Frisvoll Hotell i krysset Vårdalsvegen – Kollavegen. Knut Kjøk kjøpte butikken i 1907 og overtok samstundes posten og hotellet.

I Garmo handla ellers Hans K. Brimi på Brimi gard frå 1908 og seinare på Parklund frå 1914 fram til «koopen» kjøpte butikken i 1918. I dag har Brimi Gard og Sæter utsalg og produksjonslokale på Parklund.

I Bøverdalen

Ole Forberget fekk handelsbrev med handelsstad Nordre Gauper i 1868. Han skal ha handla i ei lita stove på Røisheim før den tid. Arne Galde fekk handelsbrev i 1874 med Galde i Lom som handelsstad. Der var det drift fram til 1896.

Bøverdalen Handelslag kom i gang i 1907 og vart tilslutta «Koopen» i 1963. Etter brannen sist vinter er butikken nå renoverert og klare til å ta imot kundane til julehandel som Prix-butikk mellom anna med sjølvbetjeningskasser som kan brukast frå klokka seks om morgonen til midnatt.



Ragnhild Risheim [g. Tjønneland] bak disken på Bøverdalen koop. handelslag før 1917. Bilde frå Gudbrandsdalsmusea. digitaltmuseum.no

Kjelder:

- Lom heimbygdslag: Heim og bygd 1990
- Fossberg, Fossheim, Nordal: Fossbergom 1894-1994, av Jon Kolden
- Gudbrandsdal Historielag: Årbok for Gudbrandsdalen 1968, av Sylfest Stamstadbakken
- Kjersti Tidemansen
- Hans Jakob Eide: Ottadalen, Sosialdepartementets Utvandringsstatistikk 1921
- Lom Kooperative Handelslag: 1920-1970 av Hallvard Skaar og Olav T. Kvaale
- Lom heimbygdslag: Loms telefonselskab 1893-1943
- Arvid Møller: Livet på Bergom
- Skjåk historielag / Gudbrandsdalsmusea
- Torunn Kjøk



Fossberg bak Torjerbue vart bygt om i «stasjonsstil» før 1905, om lag samtidig med at hovudbygninga på Nordal vart oppført. Brubakken hadde ingen avstikkar mot Skjåk før litt lenger opp der veggen tok av mot det som nå er «Gammelvegen». Utlånt av Fossheim.

